



Blåkkokka Barnehage AS  
Melandsvegen 38  
5919 FREKHAUG

Referanser:

Dykkar:

Vår: 18/2807 - 19/5711

Saksbehandlar:

Mette Marei Træland

mette.m.traland@meland.kommune.no

Dato:

29.03.2019

## Vedtak om kommunalt tilskot for 2019

Tilskot til ikkje-kommunale barnehagar er regulert i Barnehagelova §14 og forskrift om tildeling av tilskot til private barnehagar §1, og det er dette som ligg til grunn for utrekninga av tilskotet for 2019.

Det blir framleis nytta eit teljetidspunkt, den 15. desember, med rapportering om tal barn, barna sin alder og opphaldstid i barnehagane.

Til informasjon: *Meland kommune har motteke klage på dei vedtekne satsane for 2019. Klagen er sendt av Private Barnehagers Landsforbund. Klagen vil verte handsama i kommunestyret 15 mai.*

«Meland kommune har gjort vedtak om tilskot til drift og kapital på 14 310 377 kr til barnehage for 2019.

Av denne summen utgjer 1 232 330 kr kapitaltilskot, og tilskot til pedagogisk bemanning 174 407 kr.

Berekning av drifts- og kapitaltilskot er gjort slik:

- 1) Tilskot pr omrekna heildagsplass.

Små barn (0-2 år)	Kr. 185 445
Store barn (3-5 år)	Kr. 86 856
Kapitaltilskot	Kr. 10 940
Ped bemanning ( 0-2 år)	Kr. 2 276
Ped bemanning ( 3-6 år)	Kr. 1 264

---

### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no

Postboks 79, 5906 Frekhaug

Besøksadr: Havnevegen 41 A

5918 Frekhaug

### Kontakt

www.meland.kommune.no

Telefon +47 56 17 10 00

Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413

Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

2) Omrekna heildagsplassar i barnehagen som ligg til grunn for utrekning av tilskotet:

	Frå årsmeldinga 15.des 2018
Små barn (0-2 år)	31,6
Store barn (3-5 år)	81,0
Sum	112,6

c. Tilskot for 2019 vert basert på nøkkeltala over.

Barnehageeigar kan klage til Fylkesmannen over Meland kommune sitt vedtak innan tre veker etter vedtaket er kunngjort, jf. forvaltningslova §§28 og 29. Klagen skal sendast via Meland kommune, jf. forvaltningslova § 32. Barnehageeigar har rett til å sjå dokumenta i saka, jf. forvaltningslova § 27 tredje ledd.

Barnehagar som i løpet av året mottok høgare tilskot enn dei har krav på etter feil frå barnehagen si side, kan etter vedtak frå kommunen måtte tilbakebetale tilskot, jf. forskrift om tilskot til private barnehagar §13. Vi gjer og merksam på at Meland kommune kan gjere om vedtaket dersom vedtaket inneheld reknefeil eller andre faktiske feil, jf. forvaltningslova § 35, femte ledd.

Med helsing

Martin W. Kulild  
Rådmann

Mette Marei Træland  
barnehagefagleg rådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Berekning tilskotssatsar 2019 basert på rekneskap 2017

**Mottakere:**

Blåklokka Barnehage AS

Melandsvegen 38 5919

FREKHAUG